

**-God jobb gjort ved Djupehølen****30.05.2011**

**Ein tredje trafikant som har teke kontakt med uskedalen.no er ikkje einig i at det er gjort ein dårleg jobb med støyning av ein kum for ein bekk ved Djupehølen. Vedkommandde meiner tvert om at det er gjort ein framifrå jobb og at det ikkje var nokon annan måte å løysa dette problemet på.**

Alternativet hadde vore å sprengja bekken inn i fjellet og det ville ha kosta ein halv million, meiner trafikanten.

Han bur i området og peikar også på at det aldri har passert to bilar samtidig på det kritiske punktet.

Difor skjer det ikkje nokon forverring av trafikksituasjonen der.